



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1524 - 20/27656

Saksbehandlar:
Torbjørn Helgeland
torbjorn.helgeland@osteroy.kommune.no

Dato:
16.12.2020

135/11 Rundhovde - Mellombels bruksløyve for delar av etappe 3 VVA-anlegg

Administrativt vedtak. Saknr: 482/20

Tiltakshavar: Rønhovde Bygg og Anlegg AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Tiltak: VVA- anlegg - Etappe 3
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at deler av tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.08.2018 saknr. 207/18 .

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Byggja veg o_V2 og fortau o_F4 til endes, så langt det er søkt om (profil 365).
2. Vidareføre VA-anlegg i veg o_V2 så langt det er søkt om, fram til kum V4, S9, O9.
3. Innmåling av ferdig veg.
4. Utarbeide komplett sluttdokumentasjon på VA-anlegget.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket:

1. Veg o_V2 med fortau o_F3 fram til og med kryss med f_V11.
2. Veg f_V11, med sideveg til felt BF7.
3. VA-anlegg i veg o_V2 og f_V11.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for søknad om ferdigattest til: 31.12.2021.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.12.2020.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid for den del mellombels bruksløyve gjeld, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Gnr. 135 bnr. 11.
Bygningstiltak:	VVA- anlegg - Etappe 3

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for [tiltak] på gnr. 135 bnr. 11 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket:
 - Veg o_V2 med fortau o_F3 frem til og med kryss med f_V11.
 - Veg f_V11, med sideveg til felt BF7.
 - VA-anlegg i veg o_V2 og f_V11.
2. Frist for innsending av søknad om ferdigattest er 31.12.2021.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest dersom fullstendig søknad om ferdigattest ikkje er sendt inn. Om det ikkje ligg føre søknad om ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Tiltaket eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1524.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
10.2.10	Mellombels bruksløyve	4.500,-
	Totalt gebyr å betala	4.500,-

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					4.500,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Torbjørn Helgeland
fagansvarleg byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vatn og avlaup

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Rønhovde Bygg og Anlegg AS

Kanalveien 5

Rundhovde

5068

5281

BERGEN

VALESTRANDSFOSSEN